



Bustadfeltet Nedre Halsane klar for utbygging, eit tiltak som vil auka folketalet i Uskedalen

Innan utgangen av 2015 syner ein folketalsnedgang i Uskedalen på 7 personar. Uskedalen er likevel den 5. største bygda i Kvinnherad, berre 12 innbyggjarar bak Rosendal. Frå år 2000 har folketalet i Uskedalen auka med 85 personar. Berre Husnes og Valen har større auka i den same perioden.



Eit tilrettelagd kultur- og fritidstilbod er viktig for eit stabilt folketal

Størst nedgang i folketalet i 2015 har Sunde med 185. Om vi samanliknar oss med fleire bygder, så er nedgangen liten.

Vi kjenner ikkje til kva som er grunnen til nedgangen i ei bygd med eit stabilt elevtal og auke i bustadbygginga. Ein grunn kan vera nedgang i talet arbeidsinnvandrar.

Størst auke i folketalet i 2015 har Husnes med heile 203 personar. Omvikdalen scorar høgt med ein auke på 22, noko som har klar samanheng med at bygda har aktørar som satsar på bustadfelt der unge familiar slår seg ned.

Folketalet i Uskedalen er 1057. Det er ein jamn auke sidan år 2000 bortsett frå fire år i same perioden som syner tilbakegang.

Uskedal utvikling vil analysere tala nærare og ha fokus på tema folketalutvikling seinare i året.

Tekst/foto: Kristian Bringedal

Nett: Thor Inge Døssland